



Nordfjord Miljøverk - NoMil - er eit interkommunalt renovasjonsselskap for kommunane Gloppen, Stryn, Bremanger, Stad og Kinn. Selskapet si hovudoppgåve er knytt til avfalls-handtering i kommunane. Selskapet har hovudkontor på Sandane med avdelingar på Nordfjordeid og i Florø

Likar du å være på vegen, og ha eit fysisk arbeid og samtidig gjere ein viktig innsats for miljøet i ein spennande og framtidsretta bransje i sterk utvikling, kan dette være jobben for deg !

Litt om oss

NoMil skal vere ein hyggjeleg plass å arbeide, med sterk fokus på arbeidsmiljøet og at våre tilsette skal ha ein trygg arbeidsplass. Vi har sterk fokus på HMS og ynskjer at du bidreg til at vi når våre mål. Vårt ynskjer å ha trygge renovatørar som køyrer skadefritt, og du må like å ta vare på bil og utstyr. Det er viktig å ta vare på miljøet, på våre kundar, og ikkje minst andre trafikantar som ferdast på både tronge og krunglete vegar.

Renovatør/sjåfør

NoMil søker etter ny renovatør/sjåfør i 100% fast stilling med oppmøtestad på **Florø** i Kinn kommune.

For stillinga er det eit krav om at du har:

- førarkort klasse C eller CE og YSK
- god helse og fysikk
- snakkar og forstår norsk tilsvarende nivå B2
- normale digitale ferdigheitar
- fagbrev innan transportfag vert vektlagt

Personlege eigenskapar

Du bør ha en positiv innstilling, og vere ein engasjert og god kollega med godt humør. Det er viktig å ha god arbeidsmoral, vere nøyaktig og til å stole på, og lojal mot selskapet og våre abonnentar.

Vi tilbyr

- ein attraktiv arbeidsplass med gode kollegaer
- konkurransedyktige lønsvilkår med tillegg for fagbrev
- gode pensjons- og AFP ordning gjennom KLP som og tilbyr gunstige private lån og forsikringar

Nomil er oppteken av å ha gode og ryddige forhold på arbeidsplassen, og gje god opplæring og personleg utvikling til våre tilsette.

Nærare opplysningar får ein ved å vende seg til avdelingsleiar Tor Olav Sande tlf. 905 96 767 eller sjå www.nomil.no.

Søknad og CV skal sendast til e-post soknad@nomil.no og merka «RENOVATØR/SJÅFØR». Søknadsfrist: 6. august 2025.